Forslag til forskrift om bandtvang, Stord kommune, Vestland

Heimel for forskrifta: LOV-2003-07-04-74: Lov om hundehold (Hundelova) og LOV-1967-02-10: Forvaltningslova

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å redusere konfliktnivået mellom hundeeigarar og ålmenta ved å leggje vekt på tryggleik og trivsel for husdyr, vilt og menneske.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for hundehald på avgrensa areal i Stord kommune.

§ 3. Bandtvang

Ut over ordinær bandtvangstid, som er 1. april – 20. august, skal hundar haldast i band eller forsvarleg innestengt i tida 21. august – 1. oktober.

Det utvida tidsrommet for bandtvang gjeld for arealet avgrensa slik:
Vest for E39 frå grense mot Fitjar til kryss Førland.
Nord for Fjellgardsvegen til kryss Ådland.
Nord for Litlabøvegen til kryss FV 545.
Aust for FV 545 til grense Fitjar.
I tillegg gjeld utvida bandtvang i områda Almås, Digernes og Føyno inkludert utmarksareal på desse gardane.

§ 4. Unnatak frå bandtvangsreglane

Bandtvang slik det går fram av § 3, gjeld ikkje når hund vert brukt til jakt, jakttrening eller jaktprøvar.
Andre unntak frå reglane om bandtvang går fram av hundelova § 9.

§ 5. Ekstraordinær bandtvang

Rådmannen har delegert mynde til å fastsetje forskrift om ekstraordinær bandtvang, jf. hundelova § 6, 2. ledd pkt. f).

§ 6. Forsøpling

Hundehaldar pliktar straks å fjerna avføring etter hund på offentleg område. Ved bruk av hundepose skal denne deponerast på eigna stad og ikkje kastast i naturen.

§ 7. Straff

Brot på forskrifta vert straffa etter reglane i hundelova § 28.

§ 8. Ikraftsetjing

Denne forskrifta vert sett i kraft (dd.mnd.år)